

Berekraftsrapport 2023 YMSIR AS

-Det er ein aukande etterspørsel etter informasjon om berekraftig forretningsdrift. Også mange små verksemdar vil merke dette framover, inkludert Ymsir AS. Istadenfor å vente, er vi proaktive på forventningar og krav og hjelper andre med å gjere det same. Vi er i ein bransje der vi kan gjere ein forskjell – og vi gjer det. Les meir om det i denne rapporten.

(Anne Mette Hjelle, eigar/dagleg leiar)



Om Ymsir AS



- **Kontoradresse:** Peak Sunnfjord, Hafstadvegen 23, 6800 Førde
- **Forretningsadresse:** Middagsteigen 8, 6810 Førde
- **Org.nr.** 925 928 216 – stifta 21.10.2020
- **Formål:** Bedriftsrådgjeving og konsulenttenester
- **Tenester:** Berekraft (strategi, kartlegging, tiltak, kommunikasjon, hjelp til Miljøfyrtårnsertifisering, kommunikasjonsrådgjeving og -planlegging, strategiprosess, prosjektleiing og -støtte, konferanseplanlegging og -gjennomføring, brukarkartlegging)
- **Aksjeselskap**, ein eigar (Anne Mette Hjelle)
- **Dagleg leiar / styremedlem** er Anne Mette Hjelle. Dag Solheim (ektefelle og partner) er styreleiar.
- **Selskapet er registrert i** foretaksregisteret, mva. registeret og arbeidsgjevarregisteret. Det er ikkje revisorpliktig.

2023 var det tredje heile året sidan etableringa. Det var også året vi auka takta i å tilby berekrafts-tenester. Selskapet har framleis ein tilsett, men samarbeider med andre leverandørar og medlemsorganisasjonar med god kompetanse innan kommunikasjon og berekraft.

Vi ser no ein jamn auke i lovkrav og det er lett bli overvelda av nye krav og forventningar når vi skal navigere i berekraftsrapportering. Mange er usikre og kjenner på frykt for å gjere feil, også Ymsir AS. Ikkje minst gjeld det frykt for å ikkje vere gode nok og å bli skulda for grønvasking. Det kan skygge over det positive med å rapportere; det å vurdere forretningsmodell og vesentleg aktivitet, ha gode rutinar og gjennomføringsevne.

Målet for Ymsir AS er ikkje å vere “perfekt”, men heller bidra der vi kan med det vi kan, gjere vårt beste, demonstrere engasjement og vere opne om det vi gjer. Dette er perspektiv vi legg vekt på når vi skal motivere andre verksemder til å gjere det same.

Dette dokumentet seier noko om kva som kjenneteiknar selskapet, og korleis det påverkar økonomi, menneske, klima og miljø. Den fortel også kva risikoar og moglegheiter vi ser opp mot berekraftsmål. Her kan du lese kva dei er, og kva vi har prioritert. Vi føl beste praksis, men har tilpassa rapporteringa til selskapet sin kontekst og storleik.

Anne Mette Hjelle



**GODKJENT
KONSULENT**



COMMUNITY MEMBER

2023

Meir om selskapet

Overordna mål

Selskapet har som mål å bidra til å skape eit berekraftig samfunn gjennom å tilby rådgjevingstjenester innan leiing, kommunikasjon og berekraft.

I det ligg å skape positive verdiar for menneske, miljø og selskap i eit lengre perspektiv. Målet er forankra i strategien.

Selskapet bygger strategi på og bidrar til FN sine 17 retningsgivande berekraftsmål, men desse har vi definert som mest relevante:

- Nr. 8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst
- Nr. 12 Ansvarleg forbruk og produksjon
- Nr. 13 Stoppe klimaendringane
- Nr. 17 Samarbeid

Selskapet påverkar mange av måla positivt gjennom strategisk rådgjeving og prosjektarbeid, både på kort og lang sikt. Eigar påverkar også i rolla som styremedlem i andre selskap. Som medlem i UN Global Compact, forpliktar selskapet seg ikkje berre til berekraftsmåla, men også til dei 10 prinsippa for ansvarleg næringsliv (sjå under).

Dei 17 berekraftsmåla, med 169 delmål, blei vedtekne på FN si generalforsamling i 2015, med tilslutning frå alle medlemslanda. Dei omfattar alle land og berører alle delar av samfunnet. Tilsaman gir dei ei felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. Måla, saman med FN sine 10 prinsipp for ansvarleg næringsliv, stakar ut retninga for eit ansvarleg og berekraftig næringsliv. Dei 10 prinsippa rettar seg mot menneskerettar, arbeidsliv, antikorrupsjon og miljø:

- 1) Bedrifter skal støtte og respektere vern om internasjonalt anerkjente menneskeretter, og 2) påse at de ikke medvirker til brudd på menneskerettighetene.
- 3) Bedrifter skal holde organisasjonsfriheten i hevd og sikre at arbeidstagers rett til å føre kollektive forhandlinger anerkjennes i praksis, og 4) avskaffe alle former for tvangsarbeid, 5) sikre reell avskaffelse av barnarbeid, og 6) sikre at diskriminering i arbeidslivet avskaffes.
- 7) Bedrifter skal støtte en føre-var-tilnærming til miljøutfordringer, og 8) ta initiativ til å fremme økt miljøansvar, og 9) oppmuntre til utvikling og bruk av miljøvennlig teknologi.
- 10) Bedrifter skal bekjempe enhver form for korrupsjon, inkludert utpressing og bestikkelser.

Interessentar og utgifter

Dei fem største kundane:

- 1.IT-Forum Vest (administrasjon og prosjekt)
- 2.Sunnfjord Utvikling AS (praktisk berekraft og merkevare)
3. Vestland fylkeskommune (rådgjeving og kursing)
- 4.Nordic Rutile (konferanseplanlegging)
5. Musea i Sogn og Fjordane (lydopptak)

Styremedlem i andre selskap

- 1.Nok. Norge (stifting)
- 2.Peak Venture AS
- 3.Sunnfjord Miljøverk IKS
- 4.Fjordvekst Holding AS
- 5.Fjordvekst AS

Dei fem største leverandørane:

- 1.Vestind AS (samarbeidspart praktisk berekraft)
- 2.Peak Sunnfjord AS (kontor)
- 3.Inspiro (mentoring nettkurs)
- 4.Nordea Liv AS (pensjon)
- 5.Fjordvekst AS (kontorutstyr)

Dei fem største utgiftspostane:

- 1.Lønn
- 2.Innleigd arbeidskraft
- 3.Feriepengar
- 4.Arbeidsgjevaravgift
- 5.Kurs

Investeringar

Peak Venture AS (NOK 100 050,-)



Vesentlege tema

Basert på vurdering av risiko og vesentlegheit, bransjekunnskap og dialog med interessentar, er desse tema vurdert å vere dei mest vesentlege for Ymsir AS:

- God kvalitet og kundehandtering: Tillit og kompetanse, klare avtalar, god kommunikasjon, effektive system og gode verdjar. *Peikar mot nr. 8 - Anstendig arbeid og økonomisk vekst.*
- Stimulere selskap til å innføre berekraftige arbeidsmetodar og integrere informasjon om berekraft i sine rapporteringsrutinar. *Peikar mot nr. 12.6 - Ansvarleg forbruk og produksjon.*
- Stimulere selskap til å stoppe klimaendringane ved å innføre berekraftig forretningspraksis. *Peikar mot nr. 13.3 - Styrkje evna enkeltpersonar og institusjonar har til å redusere klimagassutslepp, tilpasse seg til og redusere konsekvensane av klimaendringar og varsle tidleg, og dessutan styrke utdanninga og bevisstgjeringsa om dette.*
- Samarbeid med andre for å nå mål. Støtte til både lokale og internasjonale initiativ som er relevante for vår bransje og berekraftsarbeid. *Peikar mot nr. 17 - samarbeid for å nå måla.*



Resultat og status 2023 – ESG

Vi har valgt å rapportere med utgangspunkt i dei tre dimensjonane for berekraftig utvikling, ESG: klima og miljø (E), sosiale forhold og samfunnsansvar (S) og selskapsstyring (G). Denne sida handlar om klima og miljø (E).

KLIMA OG MILJØ (E)

Selskapet har berre ein tilsett og driv med tenesteytande næring (konsulent- og rådgjevingstenester) i leigd kontorlokale i kontorfellesskapet Peak Sunnfjord. Her er risikoen for direkte negativ påverknad vurdert å vere låg.

Scope 1: Selskapet har ikkje eigne køyretøy og forbrukar verken olje eller gass.

Scope 2: Indirekte utslepp i form av elektrisitet er styrt av huseigar. Selskapet leiger ca. 25 kvm, inkl. fellesareal. Dette er ikkje ein vesentleg storleik. Det er automatisk lysregulering på kontor og i fellesareal. Vi har ikkje tilgang til data for det totale forbruket av straum og vatn i kontorfellesskapet.

Scope 3 er det mest relevante for selskapet, først og fremst nedstrøms (bruk av tenester). Selskapet har brukt mykje tid på å utvikle tenester retta mot små og mellomstore bedrifter som fremmer bevisstheit om miljøpåverknad. I alt 50 personar har delteke på kurs i berekraftsarbeid og -rapportering. Vi har bistått fem bedrifter i å lage berekraftsrapportar. I tillegg har vi holdt foredrag om praktisk berekraft for tilsaman 80 personar.

Dei fleste møter er på video og det er difor marginalt med reising i selskapet. El-bil blir brukt til bilkøyring, som i 2023 var på 755 km. Vi har ikkje data over den totale mengda avfall, men det er ikkje av vesentleg storleik og vi sorterar i størst mogleg grad. Vi har etterlyst betre sorteringsløyser i kontorfellesskapet Peak. Dette vil vere på plass i byrjinga av 2024.



Foto Anne Mette Hjelle: Frå kurs i praktisk berekraft for Sunnfjord Utvikling og Fjaler kommune.

Resultat og status 2023 – ESG

Vi har valgt å rapportere med utgangspunkt i dei tre dimensjonane for berekraftig utvikling, ESG: klima og miljø (E), sosiale forhold og samfunnsansvar (S) og selskapsstyring (G). Denne sida handlar om sosiale forhold og samfunnsansvar (S).

SOSIALE FORHOLD OG SAMFUNNSANSVAR (S)

- Selskapet har arbeidskontrakt, pensjonsordning og legg vekt på opplæring og relevant etterutdanning. Vi legg vekt på arbeidsrettar og anstendig arbeid også i leverandørkjeden og gjer løpande risikovurdering.
- Selskapet leiger kontor i eit moderne kontorfellesskap med over 40 ulike selskap/verksemder. Disse er gründarar, oppstartsselskap, etablerte teknologibedrifter og verkemiddelapparat. Dette er verdifullt – både fagleg og sosialt.
- Selskapet var i 2023 medlem av UN Global Compact, Global Reporting Initiativ (GRI), NHO Abelia, Styreforeningen, Sogn og Fjordane Næringsråd og Førde Industri og Næring (FINS).
- Lokal verdiskaping er viktig. Selskapet eigde per 31.12.21 667 aksjar (tilsvarande 0,56%) i investeringsfondet og -nettverket, Peak Venture. Det igjen eigde aksjar i Eduplaytion, Norse Feedback, Evoy, Moovin og Rocketfarm. Hjelle er også med i Peak Venture gjennom det familieeigde Fjordvekst AS, som eig 5,62%. Hjelle er med i styret for Peak Venture.
- Vi kjøper inn varer og tenester mest mogleg lokalt.
- Selskapet deltok på dugnad for Ungt Entreprenørskap i Vestland også i 2023, som jury medlem på Fylkesmeisterskapen for ungdomsbedrifter i Førdehuset.

Eigar og dagleg leiar, Anne Mette Hjelle, jobba som styremedlem i stiftinga NOK Norge, Fjordvekst Holding AS, Fjordvekst AS og Sunnfjord Miljøverk IKS – i tillegg til Peak Venture AS. (Les meir på brreg.no).



Foto Anne Mette Hjelle: Frå Ungt Entreprenørskap sitt fylkesmeisterskap for ungdomsbedrifter i Førdehuset i mars 2023..

Resultat og status 2023 – ESG

Vi har valgt å rapportere med utgangspunkt i dei tre dimensjonane for berekraftig utvikling, ESG: klima og miljø (E), sosiale forhold og samfunnsansvar (S) og selskapsstyring (G). Denne sida handlar om selskapsstyring (G).

SELSKAPSSTYRING (G)

- Selskapet tek omsyn til samfunnsansvar i strategien og er i dialog med interessentgrupper for å avdekke risiko og vesentlegheit knytt til ESG.
- Selskapet har policy for berekraftig forretningspraksis, inkl. nulltoleranse for korrupsjon.
- Selskapet starta i 2021 å utvikle nye tenester knytt til berekraftsarbeid og desse er utvikla vidare i 2022 og 2023, siste året med godkjenning som Miljøfyrtårn-konsulent.
- Selskapet hadde i 2023 ei omsetning på 1,42 mill og fekk eit overskot på NOK 31 596,- (i 2022: NOK 32 806).
- Hovudprogramvare i 2023 var Fiken (timeføring, fakturering og rekneskap), TeamGantt (prosjektverktøy) og Google Workplace (dokumenthandtering, kommunikasjon m.m.). Office 365 blir brukt ved behov og i møte med kundar som foretrekk det.
- Regelen er at vi brukar totrinns-autentisering i programvarer. Vi går årleg gjennom risikobildet internt. Eigar/tilsett har oppdatert kompetansen i it-sikkerheit også i 2023. Den fysiske nødplakaten for digitale angrep er lett tilgjengeleg.
- Selskapet har berre ein aksjonær og har difor ikkje valkomite, godtgjering til styret, aksjonæravtale m.m.
- Selskapet legg vekt på openheit og deler informasjon om korleis vi tek ansvar med offentlegheita på eiga nettside.



**GODKJENT
KONSULENT**

Mål for dei neste tre åra

Kundar, lokalsamfunn, samarbeidspartnarar, styresmakter og andre interessentar skal oppleve tillit til selskapet og måten den blir driven på.

- Vi skal kjenne kunden godt, sikre god tone og sjå til at det som blir gjort er i samsvar med strategi.
- Vi skal bruke digitale prosjektstyringsverktøy som gir kunden fortløpande innsyn i prosessar og tidsbruk.
- Vi skal rapportere til UN Global Compact etter deira standarder.
- Selskapet skal ha tilsette og underleverandørar som kan dokumentere kunnskap og kompetanse.
- Vi skal vurdere it-tryggleik og personvern årleg. Kompetanse og rutinar skal minimere risiko for angrep som set selskapet og kundane i fare.

Stimulere selskap til å stoppe klimaendringane.

- Vi skal bidra til at fleire verksemdar blir Miljøfyrtårn-sertifisert, eller på andre måtar skaffar seg kunnskap og kompetanse om klima og miljø og handle deretter.
- Vi skal bidra til transparens og at fleire rapporterer på berekraft.
- Vi skal gjennomføre kurs og samlingar i regi av Miljøfyrtårn, for å kunne gje gode og velkvalifiserte råd vidare.
- Vi skal hjelpe verksemdar med å vurdere risiko og iverksette tiltak for å unngå/reducere konsekvensar av klimaendringar.
- Vi skal halde oss oppdaterte på regelverk, krav og forventningar relevante for vår kundegruppe.



Bidra til meir ansvarleg forbruk.

- Kurs og workshops skal resultere i at kundar blir meir medvitne om strategi og ansvarleg forbruk. Dei skal også bli motivert til å dele berekraftsinformasjon internt og eksternt.
- I 2023 var dette tema i kundesamtalar både i prosjekt og rådgjeving. Dette blir ført vidare i 2024, også i rolla som Miljøfyrtårn-konsulent.
- Vi skal jobbe saman med kundane våre auke gjenbruk og kjeldesortering.
- Kurs og workshops skal gje kunnskap om berekraftsmål på ein engasjerande og positiv måte. Vi skal ha ein tilfredsheitsscore som i snitt er god eller svært god.
- Når vi hjelper kundar med arrangement, tilrår vi at dei ikkje brukar eingongsprodukt i plast, at dei unngår matsvinn og at arrangementa er mest mogleg miløvenlege.

Samarbeide med gode krefter for å nå berekraftsmåla.

- Vi skal halde fram med å etterspørje transparens og berekraftige løysingar/produkt frå kundar og underleverandørar. Vi vil særleg jobbe med dei som er villige til å ta eit ekstra samfunnsansvar.
- Vi skal redusere tal medlemskap, men forpliktar oss vidare til Grønnvaskingsplakaten og skal halde fram med å vere medlem av UN Global Compact, Styreforeningen og FINS.
- Vi vil samarbeide meir med kommunar, tiltaksapparat og næringsliv om berekraftsprosjekt, og bidra med tid, ressursar og kompetanse inn i Ungt Entreprenørskap.

Anne Mette Hjelle



Eigar/dagleg leiar
10.06.2024

Dag Solheim



Styreleiar
10.06.2024